# Bnr. 6 Mass-Ola –tunet

*ooooooooooooOOOOOOOOOooooooooooooo*

*Opplysningar og bilete: Sissel Leikanger.*

***Hr. Jakob Andreas Helle f. 1876, utfl. 1903, d 1956.***





**I Mass-Ola-tunet på Helle:**
**Fr. v.: Olai og Anne Sofie. B.v.: Born: Mass, Inger, Alma**

**Mr. Jacob Matson**
Gift med norskætta Amelia Gunderson (Far: Tron Gunderson)



*Fremst: Jakob Andreas Helle og Amalie Gunderson*
*Brudepiker: Lina Gunderson(søster av brura)nr 2 v., Lina Salamonsen(.b.h.)*
*Brudesvenner: Jahn Olson (b.v.) , Gullik Guderson(bror av brura)nr 3 b.*

**Born:**
Enger (Død)
Ted (f. 1911 d. 1995)
Olaf (f. 1915)
Edna (f. 1920

Jacob arbeidde som skogsarbeidar då han først kom til Amerika.
Han pakta fleire ulike farmar,før han til sist kjøpte sin eigen farm. Denne er framleis i familien sitt eige.



2 bilder fra farmen Jacob kjøpte 1941
Dei sist åra drevet av Olf og
Elfrieda, (Hart Monica)
Dei eig fortsatt landet, men husa
er solgt med tomta






Enger gifte seg, busette seg i Texas, og har mange etterkomarar der.

Ted gifte seg med norskætta Norma Nelson, og overtok hennar farsgard like utanfor Slayton i Minnesota,ein liten by som i dag er på str. med Naustdal. Norma lærte gamal Odalsdialekt av bestemor si, og dette skulle kome til nytte når ekteparet Matson på 1970-tallet bestemte seg for å ta kontakt med sine norske slektningar.

Olaf overtok farsgarden som også ligg i nærleiken av Slayton.

Veslesyster Edna gifte seg til ein farm utanfor Hadley, som ligg like nær Slayton.

Norma, Olaf og Edna er i dag busett i Slayton. Jorda på farmane vert i dag pakta av stordriftsbønder med store maskiner.

Ted og Norma besøkte Norge første gong i 1978. Då Ted såg Heilefjellet kom det spontant at han ikkje kunne forstå korleis "Dad" kunne reise her i frå.
Syskenparet Mass og Inger Helle dreiv farsgarden Mass-Ola–tunet, og det var stor stas å få besøk av syskenbarnet frå Amerika.
Ted fekk m.a. vere med på Kvanngrøstølen, noko som betydde mykje for han.
1986: Ny Noregstur, og i 1989 hadde dei med seg yngstesonen Brian.
I 1992 vart dottera Janet og den norskætta mannen hennar Sander Engelsgjerd med.
1993: Brian Matson (son av Ted og Norma Matson) på Norgesvisitt aleine.
Nils Vatnelid (Vatnelia) var onkel til Jacob Matson. Emil Leikanger og Ted Matson er soleis tremenningar.
1991 og -92: Elisabeth Leikanger på gjenvisitt hos familien Matson i USA
I 1998 feira Emil Leikanger sin 60-års dag med Amerika-tur. Elisabeth og Viggo var med på turen.
I dag er det Halvard Leikanger som er busett i Mass-Ola-tunet. Invitasjon er sendt til Minnesota, og no ventar vi spent på om nokon tar seg råd og tid til å kome over dammen i høve Utvandrarfestivalen i August.

Dei to brørne, Olai og Jacob, utveksla brev og bilete jamnleg.
I 1948 skreiv Jacob: *"Kjære Bror å familie. Ja det er mange no som besøger Norge. Men vi må nok vente. Kan ikke nekte jeg skulde ønske at se eder igjen. Men det er endnu et fremtidens håb. I sommer blir det 45 år siden jeg reiste. Di med Amelia er født her og har sine folk her Så hun itreserer sig vel ikke så meget at se Norge. Så der er jeg alene. Alene vilde det ikke være så morsomt at reise".*

ooooooooooooooooooooooOOOOOOOOOOOOOOOOoooooooooooooooooooooooooo



Adrian, May 1st 06

Kjære Brar, Olai Madsen.

Det er vel pålag en måne siden sirt eg skreiv til dig.

Eg er no begyndt at arbeide i et 'Gartneri' her. Jeg har arbeidet 2 uger nu. Jeg stopper hos Mors Andrie Ols og har mit hjem her. hvilket jeg er glad for. Fordi jeg har det så hyggeligt og hjemsligt her. Jeg er frisk og rask. Vi har ikke megen mare her, men ret fri er vi ikke. Söndag var jeg üde og mored og sprang, så jeg var næsten stiv dagen efter. Vi har en ungdomsmöde her hver 3dje söndagaften og det er hyggelige stunder. Siste uge kom Andries Söster "Annemarie Karsstad" og 2 af hendes börn hid til

1.

Amerika, til sin broder Jeg har ikke set dem indnu. De liver 20 mil her fra. men jeg vil se dem engang i sommer. – – Ja, hvad gjör så De på De har vel, eller holder vel på at anlæge Dem en vakker frugt og kjökken have. De må plante endel æbletræer og andre bærbuske, for De vil snart gjöre ret for det stykke mark De optager. Plant æbletræ i smuk orden enten östen for eller sydfor stuen. Men först burde De brække jorden godt op og brugte den for potetesager eller lignende et årstid. Sant at sige var vi for slaume med havebrug der hjemme. Tænk hvilke deilige retter en god hustru kan lave af gode kjökkenfrugter! End Jorbær da?

Well, Er T. Brytten reist til amerika?

2.

Ja nu kommer 17de mai da kommer De vel til at have stor höitid, spå jeg. I fjor havde De spændende og tildels ængstelige tider i Gamle Norge, men iår bliver det vist pålag et Jubelår for eder der hjemme. Ja nu ved De vel ikke hvilken dag De skal holde höitid 17de mai eller 7de juni. Begge er store men jeg synes nu 17de er bedst indnu for större var nu den frihed som vi fik 17de mai 1814 end det vi vandt 7de juni 1905. Ja der bliver svære greier med den Kongekroningen også mange fra Amerika kommer hjem i Anledningen. – – Ja Du får hilse i det kjære uforglemmelige ungdomslag På 17de mai fra mig. Jeg er altid tilstede i mine tanker bland eder den dag. Om vi kommer til at ha noget 17de mai fest her ved eg ikke indnu. Jeg vil forsöge

Ja Gud De må ha en
hyggelig og fornöiet 17de mai og
7de Juni. Husk mine venner
Formedels de mange ~~troend~~
troendes bönner opsendte til
almagtens trone for eder og eders
og vort fædreland" står vi idag
frelst og fri og kan med jubel
og glæde istemme fædrelandssange

Ja Gud som har hört vore bön=
ner han bevare os og vort folk i
sin ånd, han hjelpe os at feire
vore frihedsdage til hans äre
Gud velsigne min Moder og Dig
og alle dine. og alle vore.
Hels moder fra mig: "Salig
er de fattige i Ånden; thi Himeriz
det er Deres"! Venligst Din Bror
Jakob Matsen
Adrian
Bat. 332. U. S. A. Min

3

ooooooooooooooooooOOOOOOOOOOOOOOooooooooooooooooooooooo

Helle den 26de november 1918

Kjære Farbror
Jakob Matsen
Amerika

Eg kan fyrstelja dykk, at eg og
Inger har gaat paa skule ei tid,
men no er skulen slutt fyr skuld
Spankisjuka
Eg hev inkje havt sjuka enda,
men dar er mange av hine skule-
gutane som har vore sjuke.
Vi faar frit skulematterial no.
Staten betalar. Men so faar
me inkje take da med os heim,
da lyt liggja paa skulen. Eg er
netop idag tankt og gjera ei
krubba til Alma, men eg lyt
faa materialar hjaa papa.
Da har vore lite snö endaa, so

da har vore smaadt um „skrivefôr til dissa, men no ~~st~~ ser da ut til at faa snö

Vaar beste helsing med ynsjer um ei godt jol og eit hugnasamt nyttaar til Jakob Amelia Inger, Teodor og Olav frå Alma, Inger og ~~r~~

Mads O Helle



I 1998 feira Emil Leikanger sin 60-årsdag med Amerikatur.
Med på turen var Viggo og Elisabeth: Nr 2, 3, og 4 frå høgre på biletet.
Emil Leikanger og Ted Matson er tremenningar.

oooooooooooooooooooooooOOOOOOOOOOOOOOooooooooooooooooooooooooo